

Fra: Kristin Solbjør <kristin.solbjor@sprakradet.no>
Sendt: 25. mai 2016 13:01
Til: Lovavdelingen
Emne: Evaluering av offentleglova - høyringsfråsegn frå Språkrådet

Språkrådet føreslår å endra kortforma av lovnamnet frå *offentleglova* til *innsynslova*, slik at det betre svarar til langforma *lov om rett til innsyn i offentleg verksemd*.

Kortforma *offentleglova* synest å knyta seg til det tidlegare namnet *lov om offentlighet i forvaltningen*. I den noverande langforma *lov om rett til innsyn i offentleg verksemd* er *innsyn* bruka i staden for *offentlegheit/offentlighet*.

Offentleg tyder både 'open; som alle har tilgang til' og 'som gjeld stat og kommune (samfunnet)'. Det vesentlege i *offentleglova* synest vera tilgangen, openheita. I langforma av lovnamnet er det *innsyn* som er bruka om denne tilgangen, mens *offentleg* står til *verksemd*, og dreier seg da om stat og kommune. Lova kunne hatt namnet *lov om offentlegheit i offentleg verksemd*, men vi ser det klart ulempelege i å bruka *offentleg* i to ulike tydingar. Den same ulempa ser vi at *offentleg-* blir bruka i kortforma av lovnamnet når *offentleg* her ikkje knytter seg til delen *offentleg verksemd*, men til *innsyn*.